



**Notat**

Dato: 18.05.2015  
Arkivsak: 2015/4714-4  
Saksbehandlar: larbirk

---

**Til:** Tale Halsør

---

**Frå:** Lars Øyvind Birkenes

---

## **132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet - Frøyset - Fråsegn om kulturminne**

### **Innstilling:**

- Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekkja konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

### **Kulturminne og kulturmiljø**

Konsekvensvurderinga konkluderer med at det ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i det området av traséen som berører Hordaland. Av andre registrerte kulturminne frå nyare tid er det nemnt ei SEFRAK-registrert seterbu i Myrdalen, id. 1266 2 84. I Topografisk arkiv frå Universitetsmuseet i Bergen er det likevel opplysingar som viser at Myrdalen har vore nytta som ferdslaueg i uminnelege tider. Det er også muntlege opplysingar i Topografisk arkiv som viser til moglege gravhaugar i dalen som ikkje har vore undersøkt av fagfolk, samt at det skulle vera gamle sagn om at ein hadde drege båtar gjennom heile Myrdalen. Dette viser at daldraget i alle høve har vore i bruk som ferdslaueg og det kan difor ikkje utelatast at det kan finnast hittil ikkje kjente automatisk freda kulturminne langs traséen.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for det som til no er kjent av kulturminne. Konsekvensane er i utgangspunktet knytt til visuell påverknad på nærliggjande kulturmiljø som ferdslaueg og seterbu, samt at det i utgangspunktet er eit område som er forholdsvis lite påvirka av inngrep, einaste er skogsvegar gjennom daldraget.

### **Vurdering og tilråding**

Konsekvensvurderinga gir ikkje ei fullgod skildring av konsekvensane planlagt tiltak vil ha for kulturminne. Vi kan ikkje sjå at vurderinga er basert på synfaring av arkeolog eller at potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne er vurdert av arkeolog. Det er eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne langs traséen då det truleg har vore ferdsel gjennom området langt attende i tid. Ein kan også vente å finne spor etter automatisk freda kulturminne knytt til bruken av utmarksressursar.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte, men vil få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø på grunn av master og lineføring.

**Konklusjon:**

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljplan med alle planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.